



Kyrkjegarden i Uskedalen var eit syn langfredag føremiddag, med gule blomar så å seia på alle gravane. Dei fleste var påskeliljer, men det var også tulipanar som vogga i den milde vårvinden.

I kyrkja var det gudsteneste ved sokneprest Sven Harald Nilsen, kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark og organist Peter Couzens.

- Langfredagen er aldri heilt svart, for lidingshistoria denne dagen har alltid overskrifta 'for oss'
- Det Jesus gjorde denne dagen var naudsynt av omsyn til oss, sa soknepresten i preika.

Den vart etterfølgd av ofring til Indremisjonsskipnaden og nattverd.

Neste gudsteneste i Uskedalskyrkja er 2. påskedag.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

